



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2024

1. INNLEIING

Etter kommunelova § 23-1, skal Kommunestyret sjølv velge eit kontrollutval som skal føre løpande kontroll på deira vegne.

Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, forestå det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalgets uavhengige stilling i høve til andre folkevalgte organ og administrasjonen er ivareteke gjennom strenge krav til valbarheit.

2. UTVALETS SAMANSETNING

Etter kommunevalet hausten 2023, fekk utvalet følgjande samansetning for perioden 2023-2027:

Namn	Funksjon	Parti
Kristen Stokkeland	Leiar	Frp
Torfinn Marken*	Nestleiar	Sp
Karin Hovde	Medlem	V
Carita Frostad Skavnes	Medlem	Frp
Stig Holmstrøm	Medlem	Ap

*medlem av kommunestyret

Varamedlemmer		
For fellesliste H/SP/SV/KRF/V	Funksjon	Parti
Geir Stokkeland	1.Vara	SV
Hanne Moldver Salthammer	2.Vara	H
Anne Kristine Mediå	3.Vara	SV
For Frp		
Svein Wiik	1.Vara	Frp
Jan Olav Vadseth	2.Vara	Frp
For Ap		
Vidar Venås	1.Vara	Ap
Marianne Egset Wiik	2.Vara	Ap

Ordfører og oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i utvalets møter. Ordfører har møtt i ein del av utvalets møter. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor har møtt i handsaming av saker frå revisjonen.

3. SEKRETARIAT

Etter kommunelova § 23-7, skal Kommunestyret sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredsstillende utvalets behov.

Sekretariatet skal påsjå at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet, er forsvarleg utgreidd, og at utvalets vedtak blir iverksett, jf. kommunelova § 23-7 2. ledd.

Kommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes har frå 2004 hatt samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala.

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal vart frå 2013 oppretta som eit interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelovas § 27 med status som eige rettssubjekt og med eige styre.

Frå 01.01.20 har samarbeidet bestått av Aukra, Gjemnes, Hustadvika, Molde, Rauma, Sunndal og Vestnes kommunar.

Styret var, fram til utgangen av 2023, samarbeidets øverste organ og ivaretok arbeidsgjeveransvaret for sekretariatets tilsette.

I 2019 godkjente kommunestyra nye vedtekter og valgte å nytte seg av overgangsordninga som kommunelova åpnar for. Innan utgangen av valperioden 2019-2023 måtte samarbeidet velge ein annan organisasjonsform enn § 27-samarbeid.

Eigarkommunane har, etter oppmodning frå styret, handsama sak om omdanning til kommunalt oppgåvefelleskap. Kommunestyret i Vestnes godkjente omdanningen til kommunalt oppgåvefelleskap i møte 25.05.23 sak 25/23. Den nye samarbeidsavtalen trådte i kraft frå 01.01.24.

Frå 2024 består dei styrande organa i oppgåvefelleskapet av eit styre og eit representantskap.

I 2024 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Vestnes blitt ivareteke av rådgiver i kontrollutvalgssekretariatet, Sveinung Talberg.

4. OPPGÅVER OG VERKSEMD I 2024

4.0 Saksbehandling og møteavvikling

Kontrollutvalet har avvikla 6 møter og handsama i alt 46 protokollerte saker. Av desse er 8 saker sendt over til kommunestyret for endeleg handsaming, som fråsegn eller som referatsak. I tillegg er det i 2023 handsama 23 referatsaker og 2 orienteringssaker.

Kontrollutvalet sine møteprotokollar vert lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Kontrollutvalet sine møter vert halde for opne dører, hovudsakleg på rådhuset. Alle møter har vore avhalde som fysiske møte.

Kontrollutvalet har på førespurnad fått orienteringar frå administrasjonen og revisjonen i saker som har vore til handsaming i møta.

Reglement for kontrollutvalet

Reglement for kontrollutvalet i Vestnes vart revidert av kommunestyret i møte 02.11.2023, sak 60/2023.

Plan for Kontrollutvalet si verksemd 2024-2027

Kontrollutvalet utarbeidar plan for kontrollutvalet si verksemd for kvar valperiode. Planen vert utarbeidd av nytt kontrollutval i løpet av første år etter nytt val. Kommunestyret godkjente planen i møte 08.02.2024 sak 4/24. På denne måten vert kommunestyret involvert i å sette rammer for

kontrollutvalet si verksemd i gjeldande valperiode. Plan for kontrollutvalet si verksemd 2024-2027 er ei overordna plan som blir konkretisert av kontrollutvalet i ein årleg arbeidsplan.

Konferansar/opplæring

Kontrollutvalets medlemmer deltok på opplæringssamling i regi av kontrollutvalgssekretariatet på Vestnes 15.01.2024.

Stig Holmstrøm og Kristen Stokkeland deltok på organisasjonen «Kontroll og revisjon i kommunene»(NKRF) si kontrollutvalskonferanse 31.01.– 01.02.2024.

Kristen Stokkeland deltok på kontrollutvalglederskolen del 2 i regi av FKT 05.02.-06.02.2024.

Karin Hovde og Carita Skavnes Frostad deltok på Forum for kontroll og tilsyn (FKT) si fagkonferanse 04.06. - 05.06.2024.

Medlemene i det nye utvalet har delteke på folkevalgtopplæring i regi av Vestnes kommune samt hatt opplæringsbolkar i møta ein har hatt etter kommunevalet 2023.

4.1 Tilsyn med revisjonen

Etter kommunelova § 23-2, skal kontrollutvalet påsjå at:

a) kommunens rekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 3, skal kontrollutvalet halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at:

a) kommunens årsrekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

b) rekneskapsrevisjonen vert utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalets instruksar og avtalar med revisor.

c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3.

Kommunestyret i Vestnes valde i møte 23.5.2019, sak 40/19, å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR) og valde samvirkeforetaket som revisor for kommunen. I vedtaket fekk kontrollutvalet mandat til å inngå oppdragsavtale med MRR.

Kontrollutvalet i Vestnes godkjente oppdragsavtalen med MRR i møte 23.11.2020, sak 39/20. I avtalen blir det m.a. forutsett at revisjonen legg til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt påsjå-ansvar overfor revisjonen. I dette ligg det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar. Avtalen gjeld ut 2023.

I møte 04.12.2023 handsama utvalet oppdragsavtale for ny 4-årsperiode 2023-2027. Kontrollutvalet i godkjente framlagte forslag til oppdragsavtale. Kontrollutvalets leiar fekk fullmakt til å signere avtalen. Kontrollutvalet vedtok som eit tilleggspunkt til innstillinga at sekretariatet bes om å vurdere å konkurranseutsette revisjonsordninga i Vestnes kommune.

Kontrollutvalet handsama i møte 21.10.2024 sak 40/24, vurdering av revisjonsordninga i Vestnes kommune. Kontrollutvalet fatta vedtak om å ta vurdering av revisjonsordninga til orientering.

Martin Gjendem Mortensen er dagleg leiar MRR.

Linn Gunhild Pettersen er oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor for Vestnes kommune.

Utvalet har fått seg forelagt og handsama følgjande i 2024 frå oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor:

- **Rapport frå interimsrevisjonen 2023 – Vestnes kommune** (Sak 3/24 den 29.01.2024).
- **Rapport frå årsoppgjersrevisjonen 2023 - Vestnes kommune** (Sak 14/24 den 29.04.2024).
- **Uavhengig revisors beretning for 2023 - Vestnes kommune** (Sak 15/24 den 29.04.2024).

- **Rapport frå forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltnings 2023 – Vestnes kommune** (Sak 28/24 den 23.09.2024).
- **Nummerert brev nr. 2 frå revisor – Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga** (Sak 29/24 den 23.09.24).
- **Revisjons- og kommunikasjonsplan for revisjonsåret 2024 - Vestnes kommune** (Sak 31/24 den 23.09.2024).

Dokumenta er supplert med muntleg orientering frå oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor.

4.2 Kontrollutvalets fråsegn til årsberetninga og årsrekneskapet

Etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga før formannskapet innstiller til vedtak.

Etter § § 24-8, skal rekneskapsrevisor avgi ei revisjonsberetning til kommunestyret seinast 15. april. Det skal sendast kopi til kontrollutvalet, formannskapet og kommunedirektøren.

Utvalet har handsama og vurdert årsrekneskapen for 2023 for **Vestnes kommune**, og gitt si fråsegn til denne.

Vurderinga vart gjennomført med bakgrunn i FKT sin rettleiar for kontrollutvalet si fråsegn. I denne vurderinga ligger også eit påsjå-ansvar for rekneskapsrevisjon.

Kontrollutvalet har i si fråsegn til årskneskap og årsmelding 2023 blant anna trekt fram at kommunens økonomiske berekraft, uttrykt i netto driftsresultat, er ikkje tilfredsstillande målt mot sentralt tilrådde tal og kommunen sitt måltal. Årsaka til det gode resultatet som var i 2022 må tilskrивast inntekstpostar og netto finansinntekter som ein ikkje kan pårekne vil kome i åra framover.

Kommunen har hatt lågare investeringsbeløp i 2023 en vedteke budsjett. Det gjer også at kommunen har teke opp 11,7 mill. kr mindre i lån enn budsjettert. Kommunen har ei lågare prosentvis netto lånegjeld enn landsgjennomsnittet og eigne måltal. Det er positivt sett i høve at finansutgiftene då ikkje i større grad grip inn i dei samla utgiftene til kommunen.

Kommunen si økonomiske berekraft, uttrykt i disposisjonsfondet, er under tilrådd nivå frå sentrale myndigheiter, men over kommunens eigne måltal. Det er positivt at kommunen har greidd å avsette til disposisjonsfondet dei siste 2 åra. Økonomiplanen 2023-2026 legg til grunn at ein kan nærme seg eit disposisjonsfond på 5 % ved utgangen av perioden.

Samla sett er det viktig at kommunen får kontroll med meirforbruket og driftsnivvået i tenesteproduksjonen slik at netto driftsresultat kan nærme seg kommunens eige måltal både for netto driftsresultat og disposisjonsfondet og sikre ein bærekraftig økonomi på sikt.

Utvalet får framlagt kommunedirektørens tertialvise økonomirapportar, budsjettendringar og finansrapportar til kommunestyret. Utvalet vurderer at det blir rapportert etter dei krav om rapportering som går fram av kommunelova §§ 14-5 og 14-13 og etter dei forutsetningar som kommunens økonomireglement og finansreglement bestemmer.

4.3. Nummererte brev

Etter kommunelova § 24-7, er det krav om at revisor i brev skriftleg skal påpeike nokre forhold overfor kontrollutvalet. Det er lista opp sju forhold som krev slik rapportering. Regelen er ikkje til hinder for at revisor sjølv vurderer om det er andre forhold som også bør rapporterast til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har motteke eitt nummerert brev frå oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor i 2024. Det var i samband forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2023 at det var gjort funn som avveik frå revisjonskriteria. Det var også brot på lov og forskrift om offentlege anskaffingar og kommunens eige innkjøpsreglement. Korleis kontrollutvalet handsamar dette og kommunestyrets vedtak vidare er, omtalt i kapittel 4.4.

4.4 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Etter kommunelova § 24-9, skal rekneskapsrevisor sjå etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal leggast fram for kontrollutvalet. Revisor skal seinast 30. juni gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren om resultatet av kontrollen.

Rapport frå kontrollen vart lagt fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 23.09.24 sak 28/24. Det vart i 2024 gjennomført forenkla etterlevingskontroll på området «Offentlige anskaffelser – dokumentasjon på utført konkurranse». Revisjonen sin rapport viste at Vestnes kommune ikkje har etterlevd det som vart kontrollert. Det resulterte også i nummerert brev jf. Kapittel 4.3.

Saka vart sendt vidare til kommunestyret der kontrollutvalet innstilte på følgjande:

Det vart registrert følgjande forbetningsområde som Vestnes kommunestyre forventar at kommunedirektøren har rutiner på området offentlige anskaffelser som vert etterlevd:

1. Kommunen har dokumentasjon som viser utført konkurranse på anskaffingar.
2. At skatteattest er innhenta frå norske leverandørar som vinn anbud.
3. At det blir skreve protokoll for anskaffingane.

Vestnes kommunestyre ber kontrollutvalet følge opp saka vidare.

Kommunestyret fatta i møte 17.10.24 i sak 70/24 einstemmig vedtak i tråd med kontrollutvalet si innstilling.

Kontrollutvalet sette saka på oppfølgingslista i møte 02.12.2024 i sak 46/24.

Kommunedirektøren svarte til møtet i kontrollutvalet 23.09.24 ut kva tiltak ein ville sette i verk for å imøtekomme det som vart avdekt i kontrollen.

4.5 Forvaltningsrevisjon

Etter kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav c), skal kontrollutvalet påsjå at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd, og av selskap kommunen har eigarinteresser i.

Etter § 23-3, er forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan som syner på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana. Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 4, skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar og resultatata av dei. Etter § 5, skal kontrollutvalet påsjå at kommunestyrets vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Det er utarbeidd **Plan for forvaltningsrevisjon 2024 – 2027**, som vart handsama av kontrollutvalet i møte 29.04.2024 sak 17/24 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 26.09.2024 sak 65/24:

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Vestnes kommune si Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2027, med følgjande tema:
 - Økonomi og økonomistyring
 - Offentlege anskaffingar, ressursar og kompetanse
 - Rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft
 - Oppfølging av barn i grunnskulen som har særskilte behov

- Oppfølging av bærekraftsmåla
- Oppfølging av interkommunalt samarbeid og samarbeidsavtalar
- Samarbeid og koordinering av området fattigdom

Forvaltningsrevisjon i selskap:

- Molde og Romsdal Havn IKS
- Vestnes Energi AS
- Krisesenteret for Molde og omegn IKS
- Attvin AS
- Tremek AS

2. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom *tema som er omtalt i plana*.

3. Dersom det oppstår noko uføresett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre områder for forvaltningsrevisjon.

I kontrollutvalet sitt budsjett for 2024 var det avsett kr 400 000 til forvaltningsrevisjon i 2024. I kommunestyret sitt møte 20.06.2024 sak 37/24 – Budsjettrevisjon drift 2024-01, vart kontrollutvalet sitt budsjett redusert med kr 400 000. I kontrollutvalet sitt møte 23.09.2024 sak 32/24, vetok kontrollutvalet at dei på denne bakgrunn ikkje bestiller forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2024 slik arbeidsplana la opp til, men bestiller ei undersøking vedkomande vedlikehald av kommunale formålsbygg innanfor ei kostnadsramme på kr 100 000. Undersøkinga skal sjå på rutinar for vedlikehald, kostnadsestimat på vedlikehald og plan for vedlikehald.

Kontrollutvalet i Vestnes har i 2024 fulgt opp ein tidlegare levert forvaltningsrevisjonsrapport frå 2020:

Kontrollutvalet behandla rapporten «**Hjemmetjenesten Vestnes kommune**» i møte 26.06.19 sak 21/19 Forvaltningsrevisjonsrapport og sendte straks over til endeleg vedtak i kommunestyret. Kommunestyret behandla ikkje saka før i møte 30.01.20 sak 8/20. Heimetenesta.

Kontrollutvalet fekk ei oppdatering i møtet 23.09.2024 frå kommunedirektør på oppfølging av desse tre anbefalingane:

- Vestnes Kommune skal sikre at hjemmetjenesten har nødvendig informasjon om brukere og at denne oppdateres fortløpende.
- Kommunen skal sikre bedre kommunikasjon innad i hjemmetjenesten.
- Kommunen skal sikre at tjenesteyterne registrerer alle tilleggstenester som blir gitt hjemme hos bruker.

Kommunedirektøren svara utfyllande på desse 3 punkta i skriv av 06.09.2024. På bakgrunn av svaret avslutta kontrollutvalet vidare oppfølging av saka.

4.6 Eigarskapskontroll

Etter kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav d), skal kontrollutvalet påsjå at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunens eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll).

Etter § 23-4, er eigarskapskontroll å kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunens eigarskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll.

Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 4, skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar og resultatane av dei. Etter § 5, skal kontrollutvalet påsjå at kommunestyrets vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Etter kommunelova § 26-1, skal kommunar minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv.

Etter kommunelova § 23-6, 4.ledd, skal kontrollutvalet varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere til stades i desse møta.

Det er utarbeidd **Plan for eigarskapskontroll 2020-2023** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 29.04.2024 sak 17/24 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 26.09.2024 sak 64/24:

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Vestnes kommune si plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027 som omfattar følgjande eigarskap:

- Molde og Romsdal Havn IKS
- Vestnes Energi AS
- Krisesenteret for Molde og omegn IKS
- Attvin AS
- Tremek AS

2. Hvis det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon i eit selskap kommunen er eigar/medeigar i, skal kontrollutvalet vurdere om det er hensiktsmessig å gjennomføre ein eigarskapskontroll i same selskap samstundes.

3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere kva for eigarskap som skal kontrollerast av dei som er omtalt i planen.

4. Dersom det oppstår noko uforutsett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere kontroll i andre eigarskap og enn det som framgår av planen.

Det er ikkje i arbeidsplana til kontrollutvalet lagt inn bestilling av eigarskapskontroll i 2024.

I ny kommunelov er det kome eit krav om at kommunar minst ein gong i valperioden skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Det er sett krav til kva eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- Kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- Oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesse i
- Kommunen sitt føremål med sine eigarinteresser.

Eigarskapsmelding er eit viktig styringsverktøy for kommunestyret, for kommunen sine representantar i selskapa, og for kontrollutvalet sitt arbeid. Kommunestyret i Vestnes vedtok i møte 7.10.2021, sak 91/21, Eigarskapsmelding Vestnes kommune 2021. Det er enno ikkje i inneverande valperiode lagt fram ny/revidert eigarskapsmelding for Vestnes kommune.

Kontrollutvalet bestilte i møte 14.03.23 sak 10/23, undersøking av eigarskapsforvaltninga i Vestnes kommune. Kontrollutvalet fekk levert rapport frå undersøkinga i møte 01.09.2023 sak 22/23. Rapporten synte i alt 8 forbetningsområde som kontrollutvalet vedtok og innstilte på overfor kommunestyret. Kommunestyret handsama saka i møte 05.10.2023 sak 23/23, og fatta einstemmig vedtak i tråd med kontrollutvalets innstilling. Kontrollutvalet førte i møtet 04.12.2023 sak 46/23 saka inn på oppfølgingslista, og vil ha ei oppfølging og statusoppdatering seint i 2024.

Kommunedirektøren rapporterte den 15.11.2024 til kontrollutvalet sitt møte 02.12.2024. Dette er eit arbeid som Ad Hoc – Eigarskapsforvaltning jobbar med. Kommunedirektøren vil komme tilbake til saka når Ad Hoc har levert sitt arbeid.

4.7 Innsyn og undersøkingar i selskap o.l.

Etter kommunelova § 23-6, kan kontrollutvalet kreve dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, frå

- a) interkommunale selskap etter IKS-lova
- b) interkommunale politiske råd
- c) kommunale oppgåvefelleskap
- d) aksjeselskap der ein kommune eller fylkeskommune åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar.

Opplysningane etter første ledd kan krevjast frå verksemdas daglege leiar, styret og den valgte revisoren for selskapet.

Kontrollutvalet kan foreta undersøkingar i verksemda hvis det er nødvendig.

Kommunestyret kan fastsette reglar om kontrollutvalets kontroll med forvaltninga av kommunens interesser i selskap som er nemnt i første ledd, og om kva dokument mv. som skal sendast til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere til stade i desse møta.

Kontrollutvalets innsynsrett og rett til å foreta undersøkingar etter første og andre ledd gjeld på tilsvarande måte overfor andre verksemdar som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsynet og undersøkingane skal imidlertid berre omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.

Kontrollutvalet har i 2024 i varierende grad blitt varsla om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ eller gjennomført kontrollar i selskap nemnt i § 23-6 1.ledd,

4.8 Særlege oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalets særlege oppgåver følgjer av kommunelova § 23-7 og forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 2 og 8.

Sekretariat

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredsstillar utvalets behov. Kommunestyret velgjer sjølv sekretariat for kontrollutvalet etter innstilling frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalets rolle i fastsetting av budsjett for kontrollarbeidet

Kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følge innstillinga til årsbudsjettet etter kommunelova § 14-3 tredje ledd til kommunestyret. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett er sendt til kommunestyret for vidare handsaming.

Tilsetting, suspensjon, oppseiing og avskjeding av revisor

Kontrollutvalet innstiller i slike saker til kommunestyret. Kontrollutvalet fatta i møte 04.12.2023 sak 43/23 vedtak der ein ber sekretariatet om å vurdere å konkurranseutsette revisjonsordninga i Vestnes kommune. Sekretariatet brukte 1.halvår 2024 til å greie ut saka. I møtet 21.10.2024 sak 40/24 var saka om vurdering av revisjonsordninga handsama, og kontrollutvalet fatta vedtak om å ta vurdering av revisjonsordninga til orientering.

4.9 Oppfølging av politiske vedtak

Etter kommunelova § 13-1, skal Kommunedirektøren påsjå at vedtak som vert treft av folkevalgte organ, blir iverksett utan ugrunna opphald. Etter reglement for kontrollutvalet i Vestnes kommune § 6, skal kontrollutvalet arbeide for å sikre at politiske vedtak i kommunen vert fulgt opp.

Kontrollutvalet skal følge opp at administrasjonen set i verk og gjennomfører dei vedtak som er gjort av dei ulike politiske organ.

I Vestnes kommune rapporterer kommunedirektøren gjennom tertialrapportane på ein god måte til kommunestyret om oppfølging av politiske vedtak. I rapportane vert det rapportert om vedtak som ikkje er gjennomført. Oversikta viser både status og informasjon om vidare framdrift.

4.10 Oppfølging av kontrollutvalets saker

Kontrollutvalet har ei eiga oppfølgingsliste over saker til vidare oppfølging. Denne blir handsama og oppdatert i kvart kontrollutvalsmøte.

Saker på kontrollutvalets oppfølgingsliste som ikkje er endelig avslutta pr. 31.12.2024 er:

- Rapport tilsyn Barnevern – fosterheimar
- Vassforsyning i Vestnes kommune
- Rapport frå undersøking - avvik og avvikshandtering
- Rapport frå undersøking – eigarskapsforvaltning
- Sjukefråversproblematikk
- Kommunens praktisering av openheit og innsyn i postjournalen
- Verksemdsbesøk ved Tomrefjord skule
- Rapport frå forenkla etterlevingskontroll med økonomioppfølginga 2023 - «Offentlege anskaffelser – dokumentasjon på utført konkurranse»
- Rapport frå tilsyn NAV-Vestnes - Økonomisk rådgjeving til personar i ein vanskeleg økonomisk situasjon

4.11 Spesielle undersøkingsoppgåver

Kontrollutvalet hadde i 2024 ingen saker knytt til økonomisk utruskap eller andre forhold som kan tyde på alvorlege brot på reglar.

Utvalet har likevel hatt til undersøking fleire saker på bakgrunn av kontakt frå innbyggjarar og politikarar. Kontrollutvalet gjorde ei bestilling i kontrollutvalets møte 04.12.23 sak 47/23. Det gjaldt kommunens handtering og praktisering av regelverket for sal av næringsstomter – Tildelingsreglar. Rapport frå undersøkinga var handsama i kontrollutvalets møte 29.04.2024 sak 16/24.

Kontrollutvalets vedtak og innstilling til kommunestyret var:

Vestnes kommunestyre tek rapport frå undersøking av kommunens praktisering av tildelingsregelverk for sal av næringsstomter, til orientering. Vestnes kommune bør:

- Ha eit dokumentert og samla system over dei avgjerder som er teke for å sikre likebehandling av framtidige opsjonsavtalar.
- Vurdere om det er formålstenleg å spesifisere ytre rammer for opsjonsavtalar. Evaluere om roller og ansvar i delegeringsreglane og fullmaktene som er gitt, er tilstrekkeleg tydeleg og klargjerande for å handsame søknader.

Vestnes kommunestyre handsama saka i møte 23.05.2024 sak 28/24, og Vestnes kontrollutval si innstilling vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet vil følge opp saka og vedtaket.

4.12 Verksemdsbesøk

For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli kjende med kontrollutvalet, kan kontrollutvalet besøke ei verksemd eller alternativt kan ein einingsleiar inviterast til å gje ei orientering om si eining. Gjennomføring av verksemdsbesøk, eller ei slik orientering, gir kontrollutvalet eit godt innblikk i den kommunale forvaltninga.

Kontrollutvalet i Vestnes har i 2024 gjennomført 2 verksemdsbesøk, som er i tråd med arbeidsplana.

Kontrollutvalet gjennomførte verksemdsbesøk ved Tomrefjord skule 03.06.2024. Moment frå dette besøket vart sett på oppfølgingslista. Det gjaldt:

- Inneklima, solskjerming, ventilasjon.
- Digitale/fysiske læremiddell.
- Bussparkering, trafikale forhold.
- Framtidig bruk av huset vis a vis av skulen

Kontrollutvalet gjennomførte verksemdsbesøk ved Helland barnehage 21.10.24. Sentrale tema til vidare oppfølging er:

- Bemanning, herunder nok og rett kompetanse
- Status for prosjektet sjukefråver/nærvær
- Utfordringar i forhold til drifta
- Inneklima, vedlikehald

4.13 Sentrale kommunale styringsverktøy

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å undersøke om kommunen har etablert ein betryggande og hensiktsmessig internkontroll.

Etter § 25-1 i kommunelova, skal kommunen ha internkontroll med administrasjonens verksemd for å sikre at lover og forskrifter vert følgd. Kommunedirektøren i kommunen er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast verksemdas størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Dette inneber at kommunedirektøren skal:

- utarbeide ei beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering
- ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Etter § 25-2, skal Kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn minst ein gong i året. Det vart i årsberetninga for 2023 rapportert frå internkontrollen. Internkontrollen er også tema i tertialrapportane frå kommunedirektøren.

Vestnes kommune har etablert eit elektronisk verktøy for å ivareta internkontrollen.

I tillegg til dette har kommunen følgjande sentrale styringsverktøy:

- ❖ **Økonomi- og finansreglement Vestnes kommune 2024-2028**
(Vedteke 26.9.24, k-sak 63/24)
- ❖ **Delegeringsreglement 2025 - 2028** (Vedteke 12.12.24, k-sak 103/24)
- ❖ **Eigarskapsmelding Vestnes kommune 2021** (Vedteke 7.1.21 k-sak 91/21)
- ❖ **Etiske retningslinjer for Vestnes kommune** (Vedteke 29.3.12, k-sak 31/12)
- ❖ **Risk manager – kommunen sitt elektroniske kvalitetssikringssystem**
- ❖ **Innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement for Vestnes kommune 2022-2025** (Vedteke 16.6.22, k-sak 47/22)
- ❖ **Tildelingsreglar for kommunale næringstomter** (Vedteke 22.3.18, revidert 26.1.23, k-sak 9/23)
- ❖ **Overordna ROS-analyse** (Vedteke 29.5.17, k-sak 41/17, revidert 2.3.23, k-sak 16/23)
- ❖ **Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgode i Vestnes kommune**
(Vedteke 14.9.23, k-sak 48/23)

4.14. Tilsyn frå andre

Eksterne forvaltningsorgan fører tilsyn med kommunen. Desse tilsyna kan avdekke lovbrudd, avvik eller risikoar i den kommunale organisering og utøvinga av tenesteproduksjonen.

Etter kommunelova § 25-2, skal Kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultatata frå statlege tilsyn minst ein gang i året. Det vert rapportert om dette i tertialrapportane til kommunedirektøren.

Kontrollutvalet har i 2024 handsama og fulgt opp følgjande tilsynsrapportar:

Rapport tilsyn Barnevern – fosterheimar

Tilsynet konstaterte lovbrøt. Tilsynet er meldt avslutta og lukka.

Rapport frå Arbeidstilsynet – Heimetenesta

Tilsynet konkluderte med 7 pålegg. Tilsynet meldt avlutta og lukka.

Rapport frå Arbeidstilsynet – Tekniske tenester, fallulykke

Tilsynet konkluderte med 6 pålegg. Tilsynet er meldt avlutta og lukka.

Rapport frå Arbeidstilsynet – Helland ungdomsskule

Tilsynet konkluderte med 9 pålegg. Tilsynet er meldt avlutta og lukka.

Rapport frå Statsforvaltaren - Tilsyn med helsehuset «Stella Maris»

Tilsynet konkluderte med 4 lovbrøt. Tilsynet er meldt avslutta og lukka.

Rapport frå landsomfattande tilsyn - NAV Vestnes

Tilsynet konkluderte med 1 lovbrøt. Tilsynet er ikkje avslutta. Lovbrøta skal vere retta innan 12.02.2025. Kommunen skal sende over plan for forbetningsarbeidet til statsforvaltaren innan 28.11.2024 og gje Statsforvaltaren informasjon om status på gjennomføringa innan 19.12.2024

5. SAMANDRAG

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbedre kommunens tenesteproduksjon og myndigheitsutøving så vel som dei interne kontroll- og forvaltningsfunksjonar. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessene hos brukarane, og ein aktiv og truverdig kontrollfunksjon kan medverke til å bygge opp om denne tilliten.

Utvalets arbeid krev at medlemmane er aktive og sett seg inn i til dels kompliserte saker som kan gjelde heile verksemdsområdet til kommunen.

Som kommunestyrets hjelpeorgan i kontrollspørsmål er kontrollutvalets virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, bl.a. for å få gjennomslagskraft for forbetningsforslag og anbefalingar og dermed kunne bistå i arbeidet for at kommunestyrets målsettingar blir realisert.

Vestnes, 27. januar 2025

Kontrollutvalet i Vestnes kommune

Kristen Stokkeland
leiar

Torfinn Marken
nestleiar

Karin Hovde
medlem

Carita Frostad Skavnes
medlem

Stig Holmstrøm
medlem